

Årsrapport 2022 for Lydigheit-/rallylydigheitskomiteen:

Medlem: Rønnaug Nesheim og Hilde Gunn Stenseth

I 2022 har LP og Rally hatt jamnlege treningar på torsdagar. Me har halde til på utebanen på Tvildemoen, og i hundehallen når den vart klar til bruk.

LP har relativt låg aktivitet, men det er ein liten gjeng som trenar jamnleg. Med bakgrunn dårlig påmelding måtte me avlyse LP-stevnet som etter planen skulle gå føre seg 13. og 14. august. Komiteen vil ta opp til vurdering når det vert aktuelt å arrangere LP-stevne i regi av klubben igjen.

Rallylydigheit har hatt ei aukande interesse i klubben utover i 2022, og dette var eit av måla for året. Utover hausten starta me opp fellestreningar i rally og det ynskjer me å fortsetje med for 2023. Me skulle arrangere Introkurs i rally i haust, men dårlig påmelding gjorde at me måtte avlyse kurset. Det vert sett opp nytt kurs vår 2023. Det kom nytt regelverk i rallylydigheit, gjeldande frå 01.01.2023.

Komiteen arrangerte Dobbeltstevne i Rallylydigheit på Prestegardslandet 27. og 28. august. Dommar var Nina Sandberg. Me hadde totalt 99 startar, 47 laurdag og 52 søndag. Dette er rekordpåmelding for klubben i forhold til tidlegare år. Stevnet var svært vellukka og gav eit overskot på om lag 13 000 kr.

Vidare arrangerte me Innkallingskurs våren 2022. Det var stor interesse for kurset og me valde derfor å ha to instruktørar for å få med alle som melde seg på.

LP og rally er to heilt ulike hundesportar, og det er lagt opp til at greinene skal dele på treningstida torsdagar. Det er gledeleg at det er aukande interesse for rally, men det er ei utfordring med for lite trenigstid om vinteren om me skal fortsetje med å dele hallen tida på samme måte framover. Dette må me sjå nærare på.

06.03.2023

Rønnaug Nesheim og Hilde Gunn Stenseth